

LANDSLAGET FOR LOKALAVISER

# Årsmøte 15. mars 2024



LANDSLAGET FOR  
LOKALAVISER

# Saksliste

---

Årsmøte i Landslaget for lokalaviser  
Fredag 15. mars 2024

1. Konstituering	Side 2
Godkjenning av innkalling og stemmefullmakter	
Val av møteiarar	
Val av referentar	
Val av redaksjonskomité	
2. Årsmelding for 2023	Side 3
3. Rekneskap for 2023 og balanse per 31.12.2023	Side 10
4. Strategi- og handlingsplan for 2024 og 2025	Side 12
5. Fastsetjing av medlemspengar for 2025	Side 15
6. Val av styre	Side 16
7. Landsmøte 2025	Side 17

# Styrets årsmelding 2023

## Sak 2

2023 har vore eit rimeleg hardt år for dei fleste lokalavisene. Den største gleda er at lokalavisene framleis står svært sterkt i Norge. Likevel er «dyrtid» noko også lokalavisene merkar. Nye abonnentar kjem ikkje av seg sjølv og mange lokalaviser opplevde nedgang i opplaget i 2023. Ikkje fordi avisene er blitt dårlegare eller betyr mindre for sine lokalsamfunn, men fordi presset på økonomien til folk er stort. Samtidig har aviser med papirutgåver opplevd stor kostnadsvekst både på trykk og distribusjon. Vi i lokalavisene og LLA ser uansett framover: På mange måtar blir 2024 eit historisk år; då kjem vi godt i gang med ein samarbeidsdesk, som skal driva research og hjelpa lokalavisene med meir gravande og undersøkjande journalistikk.

I fjor hadde vi landsmøte i Tromsø, i full vinter. Nærare 200 lokalavismedarbeidarar deltok, der Sogn Avis vart kåra til Årets lokalavis, Bømlo-nytt fekk marknadsprisen, Hordaland hadde årets digitale sating og Hallingdølen fekk pris for årets lokalavisside. Journalistprisen gjekk til Embrik Luksengard, Hallingdølen. Kyrre Fitje, Sogn Avis, vann årets historiefortelling og Emil Sjøstad Nyeng i Dølen stod bak Årets lokalavisfoto.

### Medlemstal

Landslaget for lokalaviser (LLA) har inneverande år kunne ønskja velkommen fire nye medlemsaviser; Hustadvikingen, Askøy24, iSolør og Randaberg24. Dei tre siste er nystarta

aviser i 2023. To aviser gjekk ut av LLA i fjor. Ved inngangen til 2024 hadde LLA dermed 114 medlemsaviser.

### Økonomi

LLA hadde auka aktivitet også i 2023, noko som viser att i rekneskapen gjennom rekordstor omsetning. Fleire store prosjekt er heilt eller i stor grad fullført, og det er utvikla og starta opp mange nye viktige prosjekt for medlemsavisene.

Vi har og gitt omfattande hjelp til utviklingsprosjekt i regi av grupper av aviser og enkeltaviser. Arbeidet er løyst av eigne tilsette, prosjektilsette og av tilsette i tilknytta lokalaviser som alle har bidratt med viktig kompetanse og godt arbeid til nytte for medlemsavisene.

Det fine overskotet på rekneskapen for 2023 skuldast i stor grad god deltaking på alle aktivitetar, frå landsmøte til kurs og utviklingsprosjekt. Dette kombinert med god styring av kostnadane har gitt betre resultat enn budsjettert. Landslaget for lokalaviser har dermed kunna få ei viktig og nødvendig styrking av eigenkapitalen – og eit høve til å setje av midlar til viktige prosjekt og 50-årsjubileum på Voss i april 2026.

Driftsinntektene var i 2023 på totalt 9 636 923 kroner. Årsresultat etter finanspostar viser eit overskot på 708 343 kroner. Av dette er 250 000 kr sett av til 50-årsjubileum, 250 000 kr

til delfinansiering av samarbeidsdesk dei neste åra og 208 343 kr til fri eigenkapital. Samla eigenkapital per 31.12.2023 er 3 501 512 kroner.

Årsoppgjeret syner at det er vilkår for vidare drift, at arbeidsmiljøet er godt og at verksemda ikkje ureinar det ytre miljøet meir enn det som er vanleg for denne typen organisasjonar.

## Pressepolitikk og rammevilkår

Lokalavisene er grunnfjellet i det norske mediemangfaldet, og LLA er glad for å ha medverka til at styrkinga av rammevilkåra for lokalavisene blir vidareført.

Produksjonstilskottet til lokalavisene fekk eit nytt viktig løft i 2023 som resultat av nye forskrifter og langsiktige føringar vedtatt av Stortinget i statsbudsjettet. Vi er spesielt glad for at dei aller minste avisene fekk eit ekstra tilskott frå og med 2023.

Auka tilskott har vore avgjerande for at lokalavisene har klart seg gjennom vanskelege år, med høg kostnadsvekst, pandemi og ein vanskeleg annonsemarknad.

Lokalavisene har laga eit medietilbud som innbyggjarane vil ha, og slik klart å auke brukarinntektene og samstundes gjennomført kostnadsreducerande tiltak som ikkje har svekka journalistikken. Mange har redusert talet på papirutgåver og mange har redusert personalkostnader som ikkje har gått utover journalistikken. Kombinert med auka produksjonstilskott har dei fleste lokalavisene slik klart seg nokolunde til nå. LLA meiner likevel at det er heilt naudsynt med nye løft i rammevilkåra dersom det skal vere realistisk å ta vare på det unike mediemangfaldet vi har her i landet. Statsbudsjettet for 2024 har lagt til grunn inflasjonsjustering.

For LLA er det viktig å få fram for alle politikarane kor viktige lokalavisene er for innbyggjarane i det enkelte lokalsamfunn landet rundt, og særleg for lokalt demokrati. Gjennom kraftig kvalitetsheving over år viser lokalavisene kvar for seg og samla den store betydninga dei har for sine lokalsamfunn og for landet. Dei fleste stortingsrepresentantar og parti har i dag stor respekt for lokalavisene og

deira samfunnsoppdrag, og ser verdien av at dei blir sikra gode rammevilkår.

LLA er glad for at Stortinget har vedtatt at gode rammevilkår for media generelt og lokalavisene spesielt er viktig dei komande åra.

LLA opplever dei nye forskriftene for produksjonsstøtte som framtidsretta og positive for lokalavisene. Det har alt vist seg viktig med ei ekstra støtte til avisene med under 1 700 i opplag og at det er lagt til rette for støtte til aviser med under minstegrensa i opplag dersom det er lite befolkningsgrunnlag

LLA er og glad for at krava i dei nye forskriftene er endra slik at ikkje mange av dei minste lokalavisene risikerer avkorting i støtta. Dette har gitt mange aviser heilt nødvendig auke i støtta.

LLAs mangeårige arbeid for redusert eigenkapital til 25 prosent ved innovasjonstilskott lukkast å få vedtatt. Dette gjer at denne støtta kjem til nytte for dei som treng det mest; dei minste lokalavisene.

Sjølv om grensene for kven som får produksjonstilskott til nå i det vesentlege samsvarer med behov og slik er fornuftige, meiner LLA at regelverket må vere meir fleksibelt. LLA meiner at det bør vere muleg også for aviser mellom 6 000 og 12 000 i opplag å få produksjonstilskott dersom det er viktig for å sikre mangfald.

LLA er glad for at Senter for undersøkende journalistikk (SUJO) har fått vidareført støtta. Det bidrar til å hjelpe lokalaviser med å løfte den undersøkende journalistikken.

LLA har gjennom året blant anna vore i fleire møte i Kulturdepartementet og i Stortinget for å fremje lokalavisene sine interesser. Det har vore kontakt med mange enkeltpolitikarar og grupperingar på alle nivå.

Vi opplever at det godt engasjement for medias rolle og situasjon, og at det er positiv haldning til vidare styrking av lokalavisenes rammevilkår.

I samband med statsbudsjettet var LLA i høyringsmøte med Stortingets familie- og kulturkomite, og transport- og kommunikasjonskomiteen.

LLA har og jamn og god dialog med utveksling av informasjon, synspunkt og forslag med både Medietilsynet og byråkratiet

i Kulturdepartementet og andre departement etter behov.

Gjennom året er det og mange saker som gjeld rammevilkår der LLA tar initiativ eller blir beden om hjelp.

LLA vil til slutt få framheve at den største styrken til det norske samfunnet er at vi har høg sosial kapital med tillit til samfunnsinstitusjonane. Det gjer at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for demokratiet.

Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet og redaktørstyrte media som trygge rom for alle til å ytre seg, blir den sosiale kapitalen tappa og tillitssamfunnet vil gradvis forvitra. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.

## Distribusjon

Frå juli 2020 reduserte Posten frekvens for postomdeling til annankvar dag. I samband med dette arbeidde LLA særskilt aktivt for å få ei god kompensasjonsordning gjennom statleg anbuds kjøp av distribusjon der det ikkje går avisbod, og dei dagane det ikkje er ordinær postomdeling. Målet var at alle skal få papiravisa også etter endringa.

Denne såkalla motsykliske løysinga vart vedtatt og sett ut i livet gjennom to anbod, eitt med Posten på kvardagar og eitt med Aktiv Norgesdistribusjon – som er avis konsernas felles distribusjonsselskap – for laurdagar.

Etter nokre utfordringar i oppstarten har dette anbudet fungert godt for dei fleste lokalavisene, og vore viktig for å sikra at dei innbyggjarane som vil ha papiravisa får levert den på utgjevardagen.

Nå er tida inn for ei vidareføring med nytt anbod frå juli 2024.

Samferdselsdepartementet har heile tida vore positiv og LLA, saman med resten av mediebransjen, har arbeidd aktivt gjennom heile fjoråret for å sikre best muleg grunnlag for det nye anbudet.

Når eigendistribusjonen er kraftig redusert, spesielt i Amedia sin distribusjonsgeografi, har det vore nødvendig å redusere tal dagar i anbudet for å sikre at det med ein større

anbudsgeografi er nok økonomi til å sikre det som er aller viktigast for lokalavisene; at alle abonnentar får papiravisa.

Dette skal det nye anbudet sikre tre kvardagar i veka; tirsdag, torsdag og fredag. I tillegg er det eit eige anbod for laurdag.

Det er særskilt utfordrande for mange lokalavisar at Amedia Distribusjon har varsla at dei alt frå mars 2024 startar nedlegging av ruter i utkantane med fullføring av reduksjon i mai. LLA har gitt hjelp til enkeltavisar og har arbeidd for å sikre at avisene får distribuert avisa fram til det nye anbudet overtar den geografien Amedia Distribusjon nå forlét. Vi er glad for at avisene får distribusjonsløyving gjennom Posten i overgangstida, men er skuffa over at dette vil koste mykje ekstra for mange avisar.

LLA har hatt mange møter med Samferdselsdepartementet om å få til ei kompensasjonsordning for denne ekstra distribusjonskostnaden i to til fire månader. Departementet har heile tida møtt oss positivt, men juristane i regjeringa meinte at det ikkje var muleg med ei løysing innanfor regelverket for offentleg kjøp. Det var skuffande og vil gjere at mange avisar får stor ekstrakostnad.

Dette kjem i tillegg til at dei fleste avisar har fått stor auke i kostnaden til distribusjon frå distribusjonsselskapa både i 2023 og frå 2024.

LLA har jamleg kontakt med distribusjonsselskapa i mediekonserna og dei uttrykker at det er store utfordringar med å klare å oppretthalde ein kostnadseffektiv distribusjon når papiropplaget fell. Stor kostnadsauke i nye distribusjonsavtalar er med på å påverke papiravisøkonomien.

LLA har god dialog med Posten om kvalitet og vilkår i distribusjonen. Vi møter forståing for fleksibilitet i forhold til kravet til frekvens.

## Godt samarbeid med bransjeorganisasjonar

LLA samarbeider godt med dei andre organisasjonane i mediebransjen; jamleg gjennom møter i «bransjerådet», og ellers etter behov der det er naturleg.

Vi samarbeider mykje med Mediebedriftenes landsforening (MBL) om rammevilkår, mediepolitikk og distribusjon, og

opplever at det er ein styrke å stå saman når det er naturleg og muleg.

Vi har og eit godt samarbeid om mediepolitiske arrangement under Arendalsuka. I fjor hadde vi god oppslutnad på fleire debattar med sentrale politikarar og medieaktørar der lokalavisene og LLA deltok. Mellom anna var redaktør Hilde Eika Nesje i Bø blad med i ein debatt med blant anna kulturministeren – i samband med at avisa fekk frivilligheitsprisen for eit par år sidan.

Generalsekretær Tomas Bruvik var med i debatt om mediepolitikk, der både kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery og andre sentrale mediepolitikarar var med.

Gjennom samlokaliseringa i Pressens hus samarbeider LLA med dei andre medieorganisasjonane om arrangement og tiltak.

LLA har gjennom året sendt høyringsuttalar og innspel på fleire saksområde som er viktige for rammevilkåra til lokalavisene.

## Marknads- og informasjonsarbeidet

Dei redaktørstyrte lokalavisene står sterkt, sjølv om folk sine medievanar naturleg nok er i endring: Innhaldet på nett blir prioritert framføre innhaldet i papirutgåvene. Og Institutt for reklame og medier (IRM) sine tal viser framleis at dei digitale annonseinntektene stig, medan annonseinntektene gjennom papirutgåvene synker. Samtidig er vi fortsatt avhengige av inntektene frå papirutgåvene, noko blant anna Medietilsynets økonomirapportar viser. Særleg må dei små lokalavisene ha inntektene frå papirutgåvene, på den måten er lokalavisene i ein utsatt posisjon. Dette bakteppet er ei påminning om at lokalavisene framleis må ta ta sterkare digitale grep, ikkje minst for at nye generasjonar skal bli brukarar av redaktørstyrte lokale medier.

Derfor arbeider LLA fortsatt med kompetansetiltak for å hjelpe lokalavisene med annonse- og brukarinntekter både på nett og papir. I 2023 har vi blant anna fullført innovasjonsprosjektet «digitalt annonsenettverk», der særleg Espen Forsberg

og Hallingdølen har vore til stor hjelp. Samtidig har LLA-aviser starta opp fleire nye innsiktsprosjekt, der LLA bidrar med støtte, blant anna med god hjelp frå Kirsten M. Myklebust og Torry Pedersen.

Vi har også med oss Holger Austvoll, tidlegare Strandbuen, i marknadsarbeidet, då LLAs Geir K. Hus framleis har delvis permisjon for bokarbeid.

I 2023 hadde våre marknadsmedarbeidarar ansvaret for marknadssporet på Lokal & digital-konferansen på Pressens hus, eit arrangement som fekk gode tilbakemeldingar frå lokalavisene.

Vi har også halde fram med idé- og erfaringsutveksling gjennom LLAs idébank og idéhefte. Vi har også ført vidare dokumentasjonsarbeidet gjennom opplagstall, dekningstal og annan nøkkelinformasjon.

## Opplag

Lokalavisenes opplagstall har i år og dag vore nokså stabile! Det stadfesta nok ein gang LLA og MBL då vi la fram nye opplagstal i september i fjor: Totalopplaget for LLAs over 110 medlemsaviser gjekk ned med beskjedne 3 258 eksemplar, ein nedgang på 0,90 prosent.

Rundt 60 prosent av LLAs lokalaviser gjekk tilbake, rundt 40 prosent fram – då vi samanlikna netto opplagstall for første halvår 2023 med første halvår året før.

Kronstadposten i Alta var opplagsvinnaren blant LLAs lokalaviser sist høst. Avis auka opplaget med 760 eksemplar, til 2604. Dette var ein auke på 41 prosent! Avisas redaktør Tom Erik Nilsen sa dette om den imponerende veksten:

– Vi jobber knallhardt hver eneste dag for å være først og best med de viktigste nyhetene, og for å sette dagsorden med egne nyhetssaker. Vi brenner for å finne nyhetssakene og det stoffet som folk i Alta ønsker å lese om, sa Tom Erik Nilsen då LLA la fram opplagstala.

Dag og Tid, Mitt Kongsvinger, Os & Fusaposten, Gauldalsposten og Hallingdølen var fem andre aviser som gjorde det veldig godt målt i antall eksemplar. I tillegg hadde Klæbuposten ein flott prosentvis framgang

på nesten 45 % og 264 eksemplar. LLAs aviser hadde sist høst eit totalopplag på 357 822.

I mars 2024 la vi fram nye opplagstall. Samla opplagstal for LLA-avisene viste då ein vekst på 0,6 prosent frå andre halvår 2022 til andre halvår 2023. Kronstadposten blei opplagsvinnar på nytt!

## Innovasjonsprosjekt

LLA har og vore involverte i etablering av ein samarbeidsdesk på vegner av lokalavisene. Der er det tilsett to journalistar, som enn så lenge vert finansiert gjennom støtte frå Fritt Ord og innovasjonstøtte frå Medietilsynet på bakgrunn av søknad frå Vest-Telemark blad og 70 lokalaviser. Grethe Gynhild-Johnsen har leia arbeidet med etableringa og frå februar 2024 vil desken vera i sving i tett samarbeid med NRK og Senter for undersøskande journalistikk.

Håpet er at dette kan vera med å bidra til meir gravande og undersøskande journalistikk i lokalavisene, og at lokalavisene kan få hjelp til ulike prosjekt.

LLA fekk i fjor støtte frå Medietilsynet til arbeid med rekruttering.

Bård Idås og Ann Mari Nygjerde vart engjasterte som prosjektleiarar for eit rekrutteringsprosjekt, eit arbeid som vart lagt fram for landsmøtet i fjor. Dei har vore i kontakt med utdanningsinstitusjonar, kandidatar, bransjen og redaktørarar.

Det er og viktig å påpeika at dette berre er eit arbeid som akkurat er starta, det blir svært viktig å arbeida med denne problematikken i lang tid framover, slik at vi kan sikra oss gode journalistar i lokalavisene i framtida.

LLA har og samarbeidd med Nord universitet om karrieredag, og i utarbeidinga av eit nytt studieprogram, særleg retta mot lokaljournalistar som ikkje har formell

utdanning. Gledeleg her var det at det kom svært mange søknader.

## Kurs- og kompetansetiltak

I fjor deltok minst 800 personar på kurs i regi av LLA, noko som er ny rekord.

I 2023 fekk vi heldigvis arrangert fysiske kurs igjen, i tillegg til fleire digitale kurs.

Landsmøtet i Tromsø hadde nær 200 deltakarar, der fag og kunnskap var dei viktigaste ingrediensane. Det var 16 ulike parallellsesjonar å velja mellom fredagen innan alt frå pressetikk, lyd og bilde, og gode eksempel frå dei ulike lokalavisene.

## Lokal & digital

LLAs Lokal & digital-konferanse hadde nær 100 deltakarar, og vart for første gang arrangert på Pressens hus i Oslo. Gjester var mellom anna konsernsjefane Per Aksel Koch frå Polaris og Ander Opdahl frå Amedia, som begge fortalde om korleis dei ser på avisframtida. Torry Pedersen, tidlegare redaktør i VG, kom med digitale råd og Henrik Vold frå IJ hadde foredrag om KI. Vi hadde og mange lyd- og bildeerfaringar frå fleire lokalaviser.

## Presseetikk

Frå januar til mai hadde vi fem månadlege webinar der lokalavisjournalistar delte korleis dei hadde klart å fortelje vanskelege historier på ein god måte, og kva etiske problemstillingar dei støtte på. I tillegg hadde vi med eksterne kommentatorar med relevant kompetanse. Kwart webinar var på 45 minutt. Det var om lag 20 deltakarar på kvart webinar.

12. mai hadde vi i tillegg eit webinar om korleis ein kan unngå å bli felt i PFU, med Arild Kveldstad i Norsk Presseforbund/Pressens Faglige Utvalg (PFU). Han tok spesielt for seg kildekritikk og samtidig imøtegang.

## Graveprogrammet

9.–10. februar hadde vi siste samling for ti av deltakarane i graveprogrammet som starta hausten 2022. Denne samlinga var på

Pressens hus i Oslo. Andrea Rognstrand frå Forsvarets Forum haldt eit inspirasjonsforedrag, og kursdeltakar Hilde Kvammen fortalde om korleis ho prioriterer for å få tid til undersøkjande journalistikk. Kristine Holmelid og Asbjørn Leirvåg i SUJO hadde kurs om sluttfasen i eit undersøkjande prosjekt.

## Plastpatruljen

Frå 13. mars til 22. mai arrangerte vi ti digitale møte for avisene i Plastpatruljen. Avisene fekk tilgang på bakgrunnsstoff om plastavfall frå Investigate Europe, og i dei digitale møta fekk dei innføring i stoffet, reportasjeleing frå SUJO og idémyldring seg imellom. Vel 20 aviser deltok i dette prosjektet.

## «Lokalavisenes valg»

Før valet var LLA samarbeidspartnar med SUJO og MBL i prosjektet «Lokalavisenes valg». I dette prosjektet arrangerte vi 11 webinar og ein fagdag. Webinarar var på ein time, dei fleste med både ulike fagekspertar og journalistar som tok for seg alt frå korleis du kan bruke meiningsmålingar, til korleis ein kan utfordra politikarane på skulepolitikk. Fagdagen vart arrangert i Bergen, med 36 påmelde frå heile landet. Her hadde vi fleire korte foredrag og to lengre workshops. 70 ulike redaksjonar deltok på eitt eller fleire arrangement under «Lokalavisenes valg». Undervegs delte LLA opptak frå dei fleste arrangementa på lla.no.

Gjennom heile året hjelper LLA avisene med råd og rettleiing. Eitt av dei kanskje viktigaste kompetansetiltaka er LLAs idé- og kunnskapsbank. Her legg vi stadig inn nye gode døme frå avisene – både redaksjonelt, om marknaden og tekniske løysingar. Gjennom idébanken, som er open for heile mediebransjen, får avisene praktiske tips og gode idear. Vi har og planlagt og gjennomført kurs og kompetansetiltak for enkeltaviser og grupper av aviser.

## Representasjon i råd og utval

LLA er representert i offentlege og institusjonelle utval der det blir arbeid med rammevilkår. I 2023 har LLA vore med i følgjande råd og utval:

### OFFENTLEGHEITSUTVALET

Utvalet er sett saman av Norsk Presseforbund for å arbeide med offentlegheitsspørsmål og lovgjeving. Lokalavisene er godt representerte i offentlegheitsutvalet.

### NORSK PRESSEFORBUND

I hovudstyret til Norsk Presseforbund møtest medieorganisasjonane for å drøfte pressesaker av særleg prinsipiell og publisistisk verdi. Presseforbundet er også sekretariat for Pressens Faglige Utvalg (PFU). Tomas Bruvik er LLA sin representant i hovudstyret, der LLA og Norsk Lokalradioforbund vekselvis er medlem eller møtande varamedlem.

### DISTRIBUSJONSUTVAL

Arbeidet med distribusjon: LLAs styreleiar Øystein Øygarden, til dagleg redaktør i Vest-Telemark blad, og LLAs pressepolitiske rådgjevar Rune Hetland, utgjer LLAs ekspertgruppe knyta til distribusjon av aviser. Generalsekretær Tomas Bruvik er med etter behov.

### BRANSJERÅDET

Bransjerådet er ein uformell, men viktig møteplass for organisasjonane i mediebransjen. Landslaget for lokalaviser, Mediebedriftenes Landsforening, Norsk Journalistlag, Norsk Redaktørforening, Norsk Presseforbund, Fagpressen og Norsk Lokalradioforbund kjem saman for samtalar, organisering av samarbeid, tiltak, avklaring av posisjonar og andre bransjeaktuelle saker. Generalsekretær Tomas Bruvik og pressepolitisk rådgjevar Rune Hetland representerer LLA.



## Styret

Det vart halde totalt fem styremøter, to av dei var fysiske. Totalt 26 saker var oppe til handsaming.

Etter valet i april 2023 er styret i LLA slik:

### STYRELEIAR:

Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad

### NESTLEIARAR:

Tone Sidsel Sanden, Dølen

Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad

### ØVRIGE STYREMEDLEMER:

Lillian Holden, Hallingdølen, Svend Arne Vee,  
Firdaposten, Knut Martinsen, Avisas Hemnes og  
Trude Hiller, Steinkjer-Avisa

### VARAMEDLEMER:

Reidar Hystad, Sunnhordland

Christopher Johansen, Vennesla Tidende

Liv Maren Mæhre Vold, Alvdal midt i vøla

# Rekneskap for 2023

## Sak 3

	2023	2022	2021	2020	2019
Medlemspenger	2 084 562	2 155 919	2 168 978	1 982 618	1 869 778
Fellesannonser	630 000	650 003	950 004	749 964	999 996
Sal, produkt og tenester	1 518 765	312 900	239 932	255 336	237 809
Markedskontingent	532 928	502 252	477 551	538 119	481 783
Kurs og landsmøte	1 903 989	2 899 959	486 183	615 335	1 666 975
Tilskudd offentlige	705 000	670 000	655 000	640 000	525 000
Prosjektstøtte	2 030 363	1 431 250	1 490 932	1 807 000	2 541 850
Andre inntekter	231 316	110 000	191 878	76 750	151 971
<b>Sum inntekter</b>	<b>9 636 923</b>	<b>8 732 283</b>	<b>6 660 458</b>	<b>6 665 122</b>	<b>8 475 162</b>
Varekjøp	1 118 327	100 846	224 473	46 328	1 726 507
Lønnskostnader	4 371 434	4 888 664	3 854 760	3 941 734	3 392 555
Kostnader lokaler	457 177	458 247	366 041	245 073	262 937
Leiekostnader	197 299	185 995	170 020	129 354	72 276
Verktøy og rekvisita	2 671	37 862	24 483	83 688	123 163
Kjøp av tenester	1 338 345	1 375 996	681 327	900 086	1 421 891
Kontorrekvisita	99 551	72 822	217 061	207 980	394 213
Telefon, porto/frakt, tidsskrifter	38 512	44 118	83 755	73 397	53 596
Reisekostnad inkl. kurskostnader	1 062 729	797 278	536 930	437 372	848 375
Reklame, kontingenter	281 636	293 791	357 314	304 657	285 968
Forsikringer	19 798	13 874	12 935	6 165	5 755
Andre driftskostnader	28 186	11 373	7 918	33 356	7 942
Tap på fordringer	9 743	56 021	40 000	48 809	99 258
Avskrivinger	45 683	70 422	72 866	42 770	16 313
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>9 071 091</b>	<b>8 407 309</b>	<b>6 649 883</b>	<b>6 500 769</b>	<b>8 710 749</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>565 832</b>	<b>324 974</b>	<b>10 575</b>	<b>164 353</b>	<b>-235 587</b>
Finansinntekter	143 694	51 671	120 629	23 227	39 743
Finanskostnader	1 183	1 944	-428	-45 466	-525
Ekstraordinære inn/kost					
<b>Sum finans/ekstraordinære</b>	<b>142 511</b>	<b>49 727</b>	<b>120 201</b>	<b>-22 239</b>	<b>39 218</b>
<b>Resultat</b>	<b>708 343</b>	<b>374 701</b>	<b>130 776</b>	<b>142 114</b>	<b>-196 369</b>
<i>Disposisjonar:</i>					
Avsett LLAs 50 års jubileum i 2026	250 000		0		
Avset til prosjekt samarbeidsdesk	250 000				
Avset til fri egenkapital	208 343	374 701	130 776	142 114	
<b>Sum disponert</b>	<b>708 343</b>	<b>374 701</b>	<b>130 776</b>	<b>142 114</b>	

# Balanse for 2024

Per 31.12.2023

## Sak 3

	2023	2022	2021	2020
<b>Eiendeler</b>				
<i>Anleggsmidler</i>				
Kontormaskiner, bygg, inventar o.l.	115 984	141 050	211 472	128 006
Finansielle anleggsmidler	86 851	86 851	86 851	72 651
Andre langsiktige fordringer	175 877	177 111	175 877	27 702
Sum anleggsmidler	378 712	405 012	474 200	228 359
<i>Omløpsmidler</i>				
Kontanter, bank m.v	3 693 449	4 958 785	4 405 762	4 122 820
Debitorer	1 196 986	785 814	192 043	785 252
Andre kortsiktige fordringer	74 859	43 836	43 632	149 134
Varebeholdning	3 450	13 450	18 450	20 450
Sum omløpsmidler	4 968 744	5 801 885	4 659 887	5 077 656
Sum eiendeler	5 347 456	6 206 897	5 134 087	5 306 015
<b>Gjeld og egenkapital</b>				
<i>Kortsiktig gjeld</i>				
Leverandørgjeld	233 723	146 396	106 136	129 129
Off. avgifter, skattetrekk m.m.	405 872	349 612	338 264	296 080
Annen kortsiktig gjeld	1 206 349	2 967 970	2 375 469	2 749 863
Sum kortsiktig gjeld	1 845 944	3 463 978	2 819 869	3 175 072
Avsett prosjekt	550 000	50 000	50 000	50 000
<i>Egenkapital</i>				
Aksjonsfond	763 965	713 715	659 715	607 215
Sum bundet egenkapital	763 965	713 715	659 715	607 215
Egenkapital, fri	2 187 547	1 979 204	1 604 503	1 473 728
<b>Sum egenkapital</b>	<b>3 501 512</b>	<b>2 742 919</b>	<b>2 314 218</b>	<b>2 130 943</b>
Sum gjeld og egenkapital	5 347 456	6 206 897	5 134 087	5 306 015

# Strategi og mål for LLA sitt arbeid i 2025 og 2026

## Sak 4

LLAs strategi og handlingsplan skal vere oversiktleg og tydeleg styringsverktøy for styret og administrasjonen, frå overordna visjon og verdier til langsiktige og kortsiktige mål.

### Mål og strategi

#### POSISJON

LLA er den viktigaste pådrivar og påvirkar for gode rammevilkår for norske lokalaviser. Organisasjonen skal stå fremst i debatten for lokalmedienes betydning og er den samla og foretrukne organisasjonen for leiarar og tilsette i lokalavisene.

#### VISJON

Den viktigaste organisasjonen for lokalavisene

#### VERDIAR

LLA skal fremje interessene til lokalavisene slik at dei har best mulege rammevilkår.

LLA skal medverke til at lokalavisene lagar gode aviser, og er solide bedrifter til beste for lokalsamfunna.

LLA skal vere med på å setje høge kvalitetsmål for lokalavisene slik at medarbeidarane kan vere stolte av arbeidet sitt.

### Langsiktige mål

#### 1. RAMMEVILKÅR

LLA tar kampen i pressepolitikken og bygger nødvendige alliansar med politikarar, andre organisasjonar og konsern. LLA skal ivareta medlemsavisene sine interesser og må jobbe vidare for at LLA i strategiperioden får ein sterkare grunnfinansiering.

#### 2. KOMMUNIKASJON

Vere synlege og tydeleg i saker som er viktige for medlemsavisene og bruke konserna som samarbeidspartner. Vere relevant for aviseigarane i kjerneverksemda (teknologi, marknad og innhald). Halde jamn kontakt med dei som tek beslutningar for å få gjennomslag for rammevilkåra.

#### 3. SAMFUNNSOPPDRAG OG PROSJEKT

Vera ein kunnskapshub som har oversikt over kompetansen som medlemsavisene treng. Ein iverksetjar for større redaksjonelle fellesprosjekt (LLA-modellen) og organisere møteplassar for medlemmene. Ein forutsetning er god

rekruttering av nye medlemmer, der LLA tar ei aktiv rolle gjennom eige prosjekt. LLA skal vera ein pådrivar og igangsejtar av nye samarbeidsprosjekt som kjem lokalavisene til gode i ei tid der den digitale utviklinga skjer svært raskt.

#### 4. ORGANISASJON

Medlemspleie: Auke medlemstal og hindre utmelding. Ein sterk medlemsbase bygger truverde. For å lukkast er det avgjerande å bygge ei sterk og omstillingsvillig organisasjonskultur i en liten og dermed sårbar administrasjon. LLA må vere ein nettverksbygger/-arena og ha nødvendige kanalar inn i mediehusa.

### Kortsiktige mål for 2025 og 2026

#### 1. PRESSEPOLITIKK

LLA skal vere synleg i den sentrale mediedebatten. Arbeidet med å auka støtta til LLA sine medlemsaviser skal halda fram.

#### POLITISKE MÅL:

Styrke lokalavisenes interesser i det politiske arbeidet generelt og søke samarbeid med andre bransjeorganisasjonar.

#### KONKRETE MÅL:

LLA skal arbeide for:

Innføring av golv (minstesats) for produksjonstilskottet på eit nivå som gir eit viktig løft i produksjonstilskottet til lokalavisene. LLA skal arbeida for at aviser med inntil 12 000 i opplag får produksjonstilskott, prioritert gjennom auka rammer.

Best mogleg distribusjon av lokalaviser er framleis viktig, gjennom samarbeid med distribusjonsselskap og Posten. Det

må bli ei vidareføring av eksisterande distribusjonsløyising i minimum fem nye år.

#### 2. KOMMUNIKASJON

LLA skal styrke omdømmet til lokalavisene.

LLA skal styrke posisjonen lokalavisene har som mediekanal.

LLA skal hjelpe avisene med sals- og rådgjevings-kompetanse

LLA skal hjelpe med råd om digitale strategiar og val av gode samarbeidsavtaler.

LLA skal arbeide aktivt overfor enkeltaviser, spesielt konsernuavhengige lokalaviser for å hjelpe dei med å lukkast digitalt

LLA skal arbeide for å få fleire medlemmer spesielt blant lokalaviser som naturleg høyrer heime blant medlemsavisene.

#### 3. SAMFUNNSOPPDRAG OG PROSJEKT

LLA skal gjennomføre tiltak som hevar statusen til organisasjonen og lokalavisene.

LLA skal hjelpe avisene til systematisk kompetanseheving.

Landsmøta er den største fellesarenaen for kompetansebygging. I praksis skjer dette mellom anna ved å bruke kompetansen som finst i dei enkelte lokalavisene.

LLA skal arrangere kurs og gje råd til enkeltaviser gjennom eit nettverk av kompetansepersonar.

Gjennom konkrete prosjekt skal LLA setje dagsorden og vere premissleverandør for samtalen om dei digitale løysingane for dei minste avisene i framtida.

LLA skal gjennomføre tiltak som styrker lokalavis-journalistikken, både i omdømme og lesar- marknaden.

LLA skal gjennomføre kurs i journalistikk som har som mål at lokalavisene blir endå viktigare for lesarane, lokalsamfunnet og Norge. Dette gjennom kurs, idébanken og innhaldsprosjekt og satsing på undersøkende journalistikk. LLA må vidareføre det positive samarbeidet som var med lokalavisene og NRK og Senter for undersøkende journalistikk, for i

framtida klara å gjennomføra liknande prosjekt som «Folkevandringa».

LLA skal samarbeida med andre aktørar for at lokalavisene skal stå betre rusta til arbeid med gravande og undersøkende journalistikk.

LLA skal jobba aktivt mot utdanningsinstitusjonane med tanke på rekruttering av journalistar til lokalavisene.

#### 4. ORGANISASJON

LLA skal vere ein attraktiv presseorganisasjon å arbeide for.

I ein bransje i kontinuerleg forandring må LLA ha tilgang til den kompetansen som medlemmene etterspør. I LLA-sekretariatet må det vere god grunnkompetanse innan avisdrift, pressepolitikk og kommunikasjon. Mellom dei tilsette bør det vere personar med lokalavisfagleg bakgrunn.

LLA må søkja å få eigen støtte frå statsbudsjettet, slik at organisasjonen kan halda fram å gjera eit særskilt viktig arbeid for lokalavisene i Norge.

# Fastsetjing av medlemspengar for 2025

## Sak 5

	Forslag for 2025	2024	2023	2022
<b>Medlemspengar</b>	475	475	475	475
<b>Serviceavgift</b>				
For aviser med omsetning 0–5 mill. kroner i året	9 300	9 500	9 400	9 300
For aviser med omsetning 5–10 mill. kroner i året	9 700	9 500	9 400	9 300
For aviser med omsetning over 10 mill. kroner i året	10 100	9 900	9 800	9 700
<b>Eksemplaravgift etter godkjent opplag (inkl. digital betaling)</b>				
Per eksemplar opp til 3000	2,20	2,15	2,10	2,05
Per eksemplar 3000–4000	1,55	1,50	1,50	1,50
Per eksemplar 4000–6000	1,05	1,00	1,00	1,00
Per eksemplar over 6000	0,25	0,25	0,25	0,25
<b>Opplagskontrollen</b>				
Opplagskontroll	1 600	1 600	1 600	1 600
Opplagskontroll dobbeltmedlemmer LLA/MBL	-	-	-	Utgår
<b>Aksjonsfond</b>				
Innbetaling til aksjonsfond for aviser med éi utgåve i veka og oftare	500	500	500	500
<b>Prosjektkontingent</b>				
For aviser med omsetning 0–5 mill. kroner i året	5 700	3 000	3 000	3 000
For aviser med omsetning 5–10 mill. kroner i året	7 700	3 000	3 000	3 000
For aviser med omsetning over 10 mill. kroner i året	9 700	3 600	3 600	3 600
<b>Markedskontingent</b>				
To promille av annonseomsetnaden for føregående år. Maks kr. 7 000. Denne kontingenten har vore uendra sidan 2003. Utgår frå 2025.	-	2 ‰	2 ‰	2 ‰
<b>Avgrensing</b>				
Medlemspengane skal samla ikkje overstiga per år for ei enkelt avis.	34 890	33 690	33 490	32 990

# Val av styre

## Sak 6

### STYREMEDLEMMER

Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad	Ikkje på val	1 år
Tone Sidsel Sanden, Dølen	Ikkje på val	1 år
Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad	Attval	2 år
Knut Martinsen, Avisa Hemnes	Attval	2 år
Trude Hiller, Steinkjer-Avisa	Attval	2 år
Svend Arne Vee, Firdaposten	Ikkje på val	1 år
Lillian Holden, Hallingdølen	Attval	2 år

### VARAMEDLEMMER (ALLTID FOR EIT ÅR)

Reidar Hystad, Sunnhordland  
Liv Maren Mæhre Vold, Alvdal Midt i Væla  
Maiken Woldsæth, Selbyggen

### LEIAR

Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad 1 år

### NESTLEIAR

Tone Sidsel Sanden, Dølen 1 år

### NESTLEIAR

Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad 1 år

23. februar 2024

Hilde Eika Nesje  
Leiar av valkomiteen



# Landsmøte 2025: Trondheim

---

## Sak 7



LANDSLAGET FOR  
**LOKALAVISER**

Landslaget for lokalaviser  
Skippergata 24  
0154 Oslo  
Telefon 452 89 111  
lla@lla.no  
Org.nr. 969 970 864